



Ingebret (t.v.) og Kristian andektige og oppdressa framføre den første frontlastaren el. forgravaren. Det er Arnulf, son til Ingebret, som sit i førarhuset. Biletet er teke på Tu rundt 1953/1954.
* Brøyt a/s.

BRØYTOPPFINNARANE I KOLHEIA

LARS GAUTE JØSSANG

Kva har eit gammalt hønsehus med Brøyten å gjera? Meir enn du trur. I Kolheia på Bryne dreiv nemleg Ingebret og Kristian Søyland på som altmoglegmenn i hønsehuset til mora. Så ein dag, sist på 40-talet, kom ein Nærbø-bu og tinga gravemaskin. Brørne tok på seg oppgåva, og dermed begynte «Brøyts-ballen» å rulla... Dette er historia om korleis det heile gjekk til.

Innleiing

Reidskapsindustrien på Jæren kan visa til mange triumfar. Kven har ikkje høyrt om vendeplogen til Kverneland, förhaustaren til Serigstad eller potetopp-takaren, avlessarvogna og silowrapen til Underhaug? Ein jærkonstruert traktor er vel det einaste som manglar. Men så langt kunnskapen og kjennskapet rekk, er det ikkje gjort noko seriøst forsøk i den lei. Det er likt til at oppfinnarane på det nordsjøvende slettelandet i fyrste rekke tenkte på reidskapssida og mindre på ein høveleg jernhest. Kanskje var det få-fengt å ta konkurransen opp med Valmeten til finnane, Volvoen til svenskane og Fergusonen til britane?

Ein kan også spekulera på om traktorproduksjon føresette meir kapital og teknisk «know how» enn det jærbuens makta å mobilisera. Men her må ein likevel ikkje trekka for raske slutningar. For oppfattar ein traktoren som ein motorisert reidskap, er det straks meir å seia. Såleis må skurtreskaren som Kverneland prøvde seg på i 50-åra, fella inn under dette omgrepet. Sjølv om forsøket ikkje fall så heldig ut, røper freistnaden i det minste ein vilje til å over-skrida reidskapsnivået.

Også gravemaskinsatsinga på slutten av 40-talet er eit uttrykk for den same tendensen. Det var Brø-

drene Moi, mest kjent for tilhengarane og hevdaspreiarane sine, som var fyrst ute. Prototypen deira, ein vaierdriven traktorgravemaskin, blei konstruert hjå Ole Orre på Bryne. Men det skulle visa seg at «Moi-maskinen» ikkje slo gjennom. I staden vart det Ingebret og Kristian Søyland, eit anna syskenpar, som steig fram som dei «store» gravemaskinskonstruktørane på Jæren.

Brøyten vekte åtgaum frå fyrste stund og blei fort uunnverleg på vegarbeid, i husgrunnane og på nydyrkingsfelta. Spaden, pikka, spettet, steinbukken, sluska-båra og hestekjerra høyerte gårdsdagen til og laut vika for meir moderne hjelpemiddel. «Kraftkaren» frå Jæren storma fram og erobra anleggsmoreg på rekordtid. Ja, han fann også vegen til utlandet. Sjølv om det ikkje berre har vore fryd og gaman, trillar det framleis gul-blankande maskinar ut frå fabrikkhallen på Ree. Til saman har det blitt produsert nærare 8000 Brøytar frå starten og fram til i dag. Det luktar suksess og vel-lukka satsing av slike tal.

I vår eiga tid stig talet på arbeidslause. Å få i gong ny verksemd og såleis skapa nye arbeidsplassar, synest vera lettare sagt enn gjort. Kanskje har Ingebret og Kristian Søyland, mennene bak Brøyten, ei lekse å læra oss? I alle fall skal denne artikkelen handla nett-

opp om dei. Me skal grava i Brøyt-historia og fylgja oppfinnarane frå tidelege barneår og fram til veletaoblerte gravemaskinsprodusentar. Interessa er primært knytta til dei første åra, korleis verksemda så å seia kom i gong. Kva var det som gjorde at dei lukkast? Hadde dei evner ut over det vanlege, eller spelte andre forhold inn? I forlenginga av «Brøyt-biografien» skal me sjå nærare på desse spørsmåla.¹

Vanskelege tider i spennande landskap

Lat oss aller først prøva å sirkla inn oppvekstmiljøet til Ingebret og Kristian. Dei var i utgangspunktet Bryne-gutar. Foreldra Olava (f. Kartavoll) og Andreas Søyland budde i Kolheia då oppfinnarane kom til, Ingebret i 1916 og Kristian fem år seinare. Olava og Andreas fekk i alt sju born. Faren arbeidde ei tid som bokkar hjå Brødr. Hetland, seinare som murarhandlangar då Bryne fekk seg ny skule. Elles dreiv Andreas i ein periode også som linjemontør. Han hadde ikkje fast arbeid, men tok det som baud seg.

Dette var også grunnen til at familien flytta til Nærø i 1923. I dei tunge økonomiske tidene som då rådde, var det ein stor ting å få arbeid på Opstad Tvangsarbeiderhus. Huset i Kolheia blei avhenda, men den låge salssummen var likevel ikkje nok til å innfri byggelånet. Det seier sitt om tidene då. Dei kom såleis til Nærø med uteståande fordringar, noko som forbaud både bygging og brukthuskjøp, i alle fall til å begynna med. Andreas måtte difor ut på leigemarknaden. Losjehuset, som ikkje akkurat var av dei mest komfortable, hysa familien ei tid. Men elles var Olava, Andreas og borna innlosjert hjå Lars BJORLAND i ein del år.

Opstad-arbeidet gav Andreas og familien litt i kontantar. At det dessutan fylgte visse frynsegoder

med jobben, som subsidierte mjølk, var sjølvsagt svært kjærkome. Men elles måtte også borna trø til for å få endane til å møtast. Dei begynte med gardsarbeid så snart det let seg gjera. Transportoppdrag med hest og kjerre var såleis noko ungane tidleg blei sette til. I 6-8 årsalderen var dei «befarne» kuskar, og spesielt i onnene laut dei henga i. Når hevda skulle ut, kjørte ungane «imødlå», akkurat som under forhaustinga no til dags.

Sjølv om dette bokstavleg tala var ein skitjobb, kunne det likevel ikkje samanliknast med då den svarte og mjølaktige Odda-gjødsla skulle ut på kjevelene. Spreiaren, som låg på kne ved kjerreopninga og heiv gjødsla ut med nevane, blei fort som ein feiar. Stort likare gjekk det ikkje med kjørekaren, som i redsle for å skitna seg for mykje til, tøygde seg heilt oppunder hesterompa. Meir enn ein gong kom Søylands-borna heim som reine «svartingane». At mora kunne styra si begeistring, er lett å skjøna. Men om ikkje meir så gjorde borna gagns arbeid, og det la trass alt eit forsonande skjær over vaskejobben som førestod.

På BJORLAND var det også revfarm, og brørne blei også involvert i denne geskjeften. Såleis henta dei slakteavfall til «Mikkel» både på Nærø og Bryne. Innmaten med meir måtte både torkast og malast opp, og gutane var med på dette óg. Å henta møsa på meieriet låg også på borna. Småkarane hadde med andre ord mange og forskjellige jobbar, og med all fartinga, blei dei godt kjent i Nærø-bygda. Når dei dessutan i fristundene fylgte mjølkekjerra rundt på gardane, var også det med på å utvida horisonten.

Elles var «kjelensjauen» på meieriet ein typisk gutejobb. På grunn av røyken og all støvet som samla seg, måtte kjelane reingjerast ein gong for året. Rustflekkane var heller ikke noko som kunne oversjåast.

Sidan mannhåla var så tronge, kunne ikkje dei vaksne koma til. Difor måtte meieriet dra vekslar på yngre krefter, og då helst gutar i 10-12 årsalderen. Borna til Andreas og Olava hadde nærmest monopol på dette og blei hyra etter tur. Ingebret, som eldstemann i syskenflokkene, var fyrst ute. Då han var for stor, kom turen til Asbjørn og deretter til Kristian. Som takk for innsatsen fekk dei nokre slantar og ein tur i «meieribadekaret». Spesielt dette siste var gjevt.

Sjølv om jordbruksoppdraget ikkje var vidare maskinmeksert, fekk Ingebret og Kristian i det minste kjennskap til det som var av utstyr og reidsskapar rundt om på gardane då. Men teknisk sett var nok øktene i meieriet meir stimulerande. I den kvite murbygningen såg dei både maskinar, kraftoverføring og anna utstyr i sving. Dessutan var brørne gode bussar med Nils Underhaug, son til fabrikkeigar og reidsskapsprodusent F. A. Underhaug. Det var stor stas å fylgia handverkarane, som ved hjelp av enkelt produksjonsutstyr, vrei plogar, horver og andre ting ut av jernet. Ingebret, og gutar på hans alder, fekk til og med vera med og skrua pinnar på ugrashorvene. Til Kristian sitt store vonbrot, meinte F.A. at han var i yngste laget.

Etter at familien hadde budd på Nærø i 10–11 år, kjøpte faren 30 mål av klokkargarden og tok fatt som bureisar. Han heldt fram på Opstad, så ruddinga måtte gjerast på fritid og kveldstid. Det kom raskt opp eit våningshus, og ei lita løe med hønsehus i. Høns var ein sjølvsagt bigeskjeft, også mens dei leigte husvære på bygda. Om klokkargardsmarka ikkje nett var bratt, var ho heller ikkje flat som ei pannekake. Med mykje og stor stein i jorda, fekk både Andreas og borna litt av kvart å baskast med.

I levevegen var det smått stell som for så mange då. Til og med storbondene sleit tungt i periodar. Kristian

kan enno hugsa utslitne hesteselar og «dårlege» reidsskapar. Sjølv som gutunge forstod han at slik skulle det ikkje vera. Men om kåra jamnt over var tronge, står det likevel ikkje til å nekta at Søylandsborna på mange måtar hadde ei fin tid på Nærø. Dei blei sette til alt mogleg, «og fekk ver mæ i alt som skjedde». Men det var skjær i sjøen. Bureisingsdraumane fekk ein brå slutt då faren, berre eit par år etter oppstarten, døydde av blodforgiftning. Det var eit hardt slag, særleg for Olava som sat att med sju born. Berre to hadde gått for presten. Nokon offentleg stønad var det ikkje å få den gongen. Men folket på Nærø viste medkjensle, og ein slump pengar blei samla inn. Sjølv om dette handslaget gjorde godt og varma, var tapet og vonbrotet på grensa av det familien makta. Det opplevdest som heile tilværet ramla i grus.

Utan Andreas ville det sjølvsagt bli mykje vanskeligare å få endane til å møtest. Attåt dei daglege utgifte skal også bureisingsgjelda forrentast. Ingebret var så heldig at han fekk byrja i snekkarlære hjå Peder Helland på Bryne. Men sjølv om eldstesonen gav løna til mora, og eggapengane kom i tillegg, var dette likevel ikkje nok til levemåten. Etter kvart såg Olava ingen annan utveg enn å selja bureisingsbruket. Sidan ein forsiktig oppgang då hadde begynt, gav salet denne gongen eit lite overskot.

Mora var frå Kartavoll og hadde mykje av skyldfolket sitt i og omkring Bryne. I den vanskelege situasjonen var det von om at dei kunne yta hjelp når dei verste kneikane kom. Men oppbrotet var også motivert av andre grunnar. Sidan det var meir industri og handverk på Bryne, trudde mora at sjansane for å få arbeid var betre der enn på Nærø. Ingebret var for så vidt eit levande prov på det. Det la seg slik til rette at Olava fekk kjøpa hus i Kolheia, rett i nærleiken av den tidlegare buplassen. Her fanst også uthus og der-

med plass for hønsa. Men det var likevel som å begynna på nytt igjen.

Ungdom og begynnande yrkeskarriere

Kristian meiner at han ikkje var særleg skuleflink. Salmevers, pugg og heimelekse fall därleg i smak. Det var gjevare å arbeida og gjera noko med nevane. Den vinteren han gjekk og «les», deltok han såleis på eit arbeidsskulekurs. Peter Barkve frå Bjørheimsvik i Strand var lærar, og han underviste elevane for det meste i tresløyd. I løpet av nokre månader arbeidde Kristian eit bord, nokre stolar og eit par treskeier. Då spørsmålet om vidare skulegang kom opp, talde mora han sterkt til å begynna på framhaldsskule, og slik vart det. Kristian fann seg godt til rette, og han «begynte å ta skulearbeidet meir alvorleg», som han sjølv seier. Han sysla då med planar om å bli meierist. Småjobbane på Nærbø Meieri og «sæterlivet» i heia sommaren 1936 hadde gitt meirsmak.

Men slik skulle det likevel ikkje gå. Vel heimkommen frå heia, trappa innehavaren av «Lydersens Bilverksted» opp i stova på Kolheia. Han hadde bruk for ein (lære)gut i bilverkstaden og lurte på om nokon der i huset kunne vera interessert. No fekk Kristian sin livs sjanse, og han tok imot tilbodet med opne armar. Å få arbeid på eit «Førsteklasses automobilverksted» var gromt i dei dagar.² Kristian likte seg frå fyrste dag og stortrevst under panseret. Her var det mange finurlege mekanismar som vekte undring og ettertanke. Men hjå Lydersen var også folk som visste å setja tankane i sving på annan måte.

Særleg to av arbeidarane kom til å bety mykje for Kristian. Den eldste av desse hadde nemleg vore i Amerika og arbeidd på ein av bilfabrikkane til Henry Ford. «Han va voldige te å fortelja» og Kristian blei svært interessert i det han høyrde. Men elles hadde

Lydersen også ei dokterspire i arbeid, ein ungdom som hadde hoppa av studiet. Han tenkte matematikk både seint og tidleg, og imponerte Kristian meir enn ein gong med utrekningane sine. Begge gjorde eit sterkt inntrykk, og lysten på meir skule blei stimulert.

I 1939 kjøpte Ingebret og Kristian ein liten Fiat i lag. Den trong ei vøla, men vart kjørbar heller fort. Ingebret hadde ikkje sertifikat, men kjørte likevel ein del kveldar til kjærasten på Nærbø. Sommaren det året la Kristian og ein kamerat i veg til Mandal på ferie. Dei dura i veg med Fiaten og telt i baksetet. Turen ned gjekk bra, og problem oppstod heller ikkje på utfartane i og omkring den vesle sørlandsbyen. Men på vegen heim begynte motoren å hosta og harkla i Tronåsen. For turistane var det ikkje anna å gjera enn å setja bilen i frå seg og ta toget heim.

Fiaten blei henta, reparert og seldt. Som erstatning kjøpte Kristian ein stor motorsykkel med karbidlykt. Han gav 50 kroner for heile stasen. Det gjekk med ein del kveldar for å få sykkelen i svev. Men då krigen kom, blei det raskt slutt på bensinen, og tohjularen måtte parkerast. Likevel var ikkje alle vegar stengde. Fyrst prøvde Kristian å få motorsykkelen til å gå på karbidgass, men lykta hadde altför liten kapasitet. Trass i dette mista ikkje eigaren motet. Han fekk tak i ein elektrisk motor, og tenkte den kunne brukast. Ingebret laga ei treramme med plass til fire batteri og den nye motoren blei kopla til. Noko lyn etter vegane vart ikkje akkurat denne straumdoningen, men han gjekk då.

Som for så mange, blei krigen ein strek i rekninga også for Kristian. Med sin lærlingestatus var han rett nok den siste som måtte gå, men til slutt var det ingen veg utanom for han heller. Kristian laut ut på anna arbeid, og dreiv både med gardsarbeid, torvskjering

og vedhogging nokre månader. Men då den norske motstanden var overvunnen, og tilhøva igjen begynte å normalisera seg, vende han attende til Lydersen og arbeidet på bilverkstaden. Mykje av dagane gjekk no med til montering av karbid og vedgass på bilane, men det var også ein del reparasjoner, spesielt av tyske kjørerøy. «Det var lærerikt å vera med å improvisera og få bilane til å gå på gass».

Skuleplanane låg heile tida og ulma, og etter ei tid blei Kristian svært innstilt på meir skulegang. Han tok peiling på automobilinja på den toårig elementærtekniske skulen i Stavanger. Meir og mindre pengeleens som han var, sökte han om friplass, og hadde hellet med seg. Då skulen starta opp hausten 1942, sat ein kunnskapssvolten Søylandsgut bak ein av pultane på «Teknikken». Han ville læra meir om korleis bilane var konstruerte og verka.

Det gjekk trått fyrste semesteret. Særleg valda norsken og matematikken mykje bry. At han ikkje hadde realskule, opplevdest òg som eit klart handicap. Men då han kom gjennom den fyrste innkjøringsfasen, løysna det for alvor. Eit av dei beste vitnemåla kunne Kristian veista med i neven på fôrsommaren i 1944. No kunne han i det minste gjera ein del utrekningar, nett som «matematikaren» hjå Lydersen. Vidare hadde han lært å teikna, og større forståing for «mekanikken» høyte elles med i den nye kunnskapsbasen hans.

Endå Kristian hadde spart og levt så nøkternt som mogleg, hadde han likevel stifta ei gjeld på 3–4000 kroner i løpet av skuletida. «Statens Lånekasse for studerende ungdom» hadde for han vore moster Berta i Hillevåg. Ho dreiv kafé og hadde litt ekstra til «bondestudenten». Tante Berta sende elles mange sekker med gamle brød til Kolheia under krigen. Dei var nok i fyrste rekke mynta på hønsa til Olava, men

også andre såg mon i ein matbete frå «by'n»...

Etter to år på hybel- og skulebenk følte Kristian behov for litt avveksling, «eg trong nå frisk luft og skikkeleg med mat». Og det skulle han få. I lag med 30 mann, ungdommar for det meste, dreiv han på som traséstikkar på den indre stambanen mellom Sennes og Setesdal i 4–5 veker den sommaren. Det gjorde godt på teknikaren, men no galdt det om å få seg fast arbeid. Og igjen slapp han å gå ledig så lenge.

Han fekk jobb som motoroverhalar hjå Brødr. Kverneland i Stavanger. Men krig var det framleis, og helst trøngt i matvegen. Rassiane, husundersøkingane og arrestasjonane til tyskarane, var heller ikkje så kjekt å ha heilt inn på livet. Difor pakka Kristian sekken og flytta heimatt til Bryne og til jobb hjå Lydersen. I samband med fredsslutninga i mai i 1945, blei han engasjert av heimevernet. Då dette oppdraget var over, fekk han jobb i bilverkstaden til Brødr. Kverneland på Bryne. Men dette vart også berre eit mellombels engasjement. Hæren lyste etter personell med tanke på teknisk utdanning i England. Kristian såg tilfeldigvis annonsa og sökte. Han måtte vedgå, som sant var, at engelskkunnskapane var temmeleg tynne. Men han hadde då ei bok på engelsk som han frå tid til annan bladde i...

Kristian hadde ikkje noko tru på heile greia, men langt om lenge kom eit «gildt» brev. Han var mellom dei utvalde, og kunne bu seg på å reisa. Deretter bar det i hu og hast til Oslo for å testast, undersøkast, vaksinerast og for å få utdelt uniform og utstyr. Så gjekk turen rett vest igjen; til Stavanger, og med båt over til Newcastle. Det vart ein slitsom tur med romlante magar og vaksinesjuke for kandidatane. Men halvåret på dei britiske øyane var lærerikt. Her fekk han mellom anna innprenta kor viktig det var med orden, systematikk og service når ein hadde med

maskinar å gjera.

I 1946 kom «engelskmannen» attende til Noreg, og Kristian hamna først på Trandum på utpakking og distribuering av 1000 beltekjøretøy som skulle sendast rundt om kring i landet. Etter vel eitt år blei han overflytta til Hærens Våpentekniske Verkstad i Kristiansand. Her fungerte Kristian som verksmeister, og kunne om han ville, ha halde fram i same stillinga etter at plikttida var unnagjort. Men det blei etter kvart mykje papir og aktiviteten dabba litt av, så i 1948 hadde jærbuen fått nok av alt som hadde med grønfargar og militæreret å gjera. No ville han heim og over i det sivile. På Bryne hadde barndomskameraten Nils Underhaug fått sving på trallefabrikken sin, og jobb som teknikar blei ordna. Oppgåvene spende frå teikning til fastsetjing av tidsstuderte akkordar.

Nils blei både ideal og læremeister. Han var ein «fenomenale mann» til å bruka eldre ting og deler. Evna hans til å finna løysingar på dei mest innfløkte problem og utnytta materialane maksimalt, hugsar Kristian spesielt frå denne tida. «Dæ utruliga går an når du bara vil». ³


Hønsehus som forskings- og utviklingsavdeling

Mens Kristian hadde vore ute og «farta», hadde Ingebret vore i sving på Bryne og i det nærmeste omlandal. Peder Helland Møbelverksted var den fyrste arbeidsplassen hans. Men då krigen kom, gjekk omsetninga drastisk ned, og Ingebret måtte sjå seg om etter anna arbeid. Han var heldig og fekk begynna som maskinsnekkar og bygningsmann på Kverneland. I lag med Asbjørn, broren og nokre andre, sykkelpendla han kvar dag fram og tilbake. Det var helst dryge turar, så då Nils Underhaug baud han jobb i Trallefabrikken, skifta Ingebret beite. Han vart raskt sjef på snekkarverkstaden, utan at den hendte karen

blei einsidig av den grunn. «Han sveiste liga godt så mekanikarane om han va tremann». Men lysten til å få noko for seg sjølv, bar han likevel på. Og i fredsåret 1945 var Ingebret Søylands Snekkerverksted eit faktum. Frå då av var han sin eige herre og lukkesmed.

Han installerte seg i hønsehuset til mora. Det meste av produksjonsutsstyret, som pussemaskin, boremaskin og bånnsgag var anten sjølvlagda eller innkjøpt og reparert for ein billeg penge. Behovet for startkapital var såleis ikkje særleg stort. Ingebret laga møblar, men det var først då han begynte å produsera symaskinskassar for Maskinhuset i Stavanger, at drifta fekk eit visst omfang. Då den meir skulerte broren og offiseren dukka opp, var det bare rimeleg at han hjelpte broren litt om kveldane. Men dermed var også føresetnadene til stades for det som skulle bli eit livslangt samarbeid mellom «teknikaren» og «praktikaren».

Flaskehalsen i symaskin-kasseproduksjonen var bøyemomentet. Rett nok hadde Ingebret rigga til ein slags «bøyemaskin», men han var ineffektiv og konstruktøren lite nøgd. Broren blei sett inn i problemet, og saman la dei hovuda i bløyt. Løysinga vart ein ny «bøyemaskin» med kardanghjul, vaierar, gummiplater og ei elektrisk matte som dei viktigaste komponentane. Med denne patenten fekk kassane den rette krumminga i ein fart, og produktiviteten steig monaleg. Ser ein bort frå dei meir lystbetonte samarbeidsprosjekta, Fiaten og den «elektriske» motorsykelen, var dette det fyrste med industrielt forteikn. Kristian arbeidde i denne tida på Trallefabrikken og budde heime hjå mora. Ein dag kom han til å tenka på den vekkstuva anleggskompressoren han hadde sett i det militæreret. Var det ikkje ein idé å få den til Kolhei? Tanken vart til handling og snart hadde han



Den første vaierdrivne gravemaskinen som brørne laga. Det var denne som Jostein Salte kjøpte. Biletet skriv seg frå 1950 på lag.
* Brøyt a/s.



Brøyt-verkstaden i Kolhei. Grishuset til høgre og hønsehuset til venstre i den langflate bygningen. Løa som ligg vegg i vegg disponerte ikkje Ingebret og Kristian. Biletet er frå først på 50-talet. Fotograf Trygve Vasvik. * Brøyt a/s

fullt opp å gjera på fritida. Kompressoren blei overholt og istandsett, og då Kristian lyste maskinen ut for sal, var pågangen så stor at folk nærast tretta om kven som var fyrst. Den gode prisen og den store etterspurnaden var uventa og skjerpa appetitten på endå ein framstøyt. Igjen blei militæret kontakta, og no fekk han heim ein gammal og utrangert dreiebenk. Den blei vølt og påsett motor med direkte drift og gearkasse.

I verkstaden til Ingebret fanst ein del snekkarutstyr, og jamvel eit sveiseapparat. Kristian på si side hadde nett ein fersk kompressorsuksess bak seg. Med den nyreparerte dreiebenken representerte også han eit produksjonspotensiale. Sidan Ingebret hadde fått leiga naboen sitt grishus, var det også plass til broren sin dreiebenk. På den måten blei brørne vovne meir og meir i hop, og då Ingebret ymta om «fusjon»

i 1949, vekte det lite motsegn. Dermed var Bryne Tre- og Jernindustri eit faktum, og det lokale næringslivet hadde opplevd endå ei knoppskyting.

Det nye kompaniskapet skremde såvisst ikke kundane i nærmiljøet. Ingebret og Kristian fekk hendene fulle frå første dag av. «Me tok på oss alt arbeide folk kom og spurte om å få utført». Noko spesialisering var det såleis ikke snakk om. Med ein «jærsk» arbeidslust og med tillit og tru på eigne evner, var ingen ting for stort og vanskeleg. «Det vart etter kvart mange ting, og me sa ikkje nei til noko». Ved sida av bestillingsproduksjonen, som symaskinskasar og småmøblar – spesialitetane til Ingebret, framstilte brørne også skyvedørsbeslag og strøapparat til fotballbanar. Desse artiklane blei produsert for lager og annonser gennom brosjyrer.

Også grensene for Bryne-marknaden med omland

blei sprengde ganske fort. Jonas «Bjødland» (Bjøland), ein ven og kjenning frå Nærø, banka ein dag på døra og spurde om dei kunne laga potetopptakar til han. Jonas ville ha ein «hesteopptakar» tilpassa den nye og høge traktoren sin. I tråd med serviceinnstillinga kom det ikkje noko «nei» over Søylandsleppene. Dei gjekk i gong og konstruerte ein potetopptakar som både var stødigare, lettare å styra og meir praktisk enn den gamle. På grunn av dei gode brukseigenskapane vart det fleire enn Jonas som synte interesse.

Slik gjekk det slag i slag, den eine oppgåva større enn den andre melde seg. Men brørne må i det minste ha heva augnebryna då Jostein frå Salte kom og tinga gravemaskin. «Me sa ja som vanleg...», fortel Kristian. Samstundes som ein kan undrast på motet og trua, var gravemaskinen, som teknisk oppfinning, alt eit faktum. Som vegarbeidar hadde Jostein Salte kjørt ein Moi-maskin, men denne var både liten og knapt eigna til anna enn grøftegraving. Sidan prototypen hadde blitt utvikla i nabologat på Bryne, var både konstruksjonsfasen og kapasiteten til maskinen kjend for brørne.

Men Moi-produktet var ikkje det einaste førebiletet. Brødrene Risa hadde f.eks. fått tak i ein sjølvgåande tysk gravemaskin, eit «uhyre (med) voldige dieselmotor... det var fenomenale greier». I tillegg hadde dei sett ein engelsk gravar i grøftene til det nye vassverket på Bryne. Difor starta dei ikkje på berr bakke, men hadde modellar og eit grunnlag å arbeida ut frå. Ingebret og Kristian ville for det fyreste laga ein større og kraftigare maskin enn den Brødr. Moi hadde konstruert. For det andre ville dei ha ein gravar som kunne svinga 360 grader, altså heilt rundt.

Med utgangspunkt i gamle bildeler tok brørne fatt. Men fyrsteutgåva gjekk sundt, så dette kunne ikkje

konstruktørane vera bekjent av. Difor tok dei like godt maskinen tilbake og bygde han heilt om. Og no fekk Jostein Salte valuta for pengane. Den rundtomsvingande traktorgravaren med vaierdrift viste seg å fungera «glimrande». Ryktet spreidde seg raskt, og alt den andre i rekka gjekk så langt nord som til Molde. Der fekk brørne kontakt med Øystein Vig, ein jærbu som nettopp hadde starta med maskinforretning.


Etter at Jostein Salte hadde fått tilbake traktorgravaren sin, dukka det opp ein Varhaug-bu med tanks. Spørsmålet var om denne «krigaren» kunne omgjerast til ein fredeleg gravemaskin. Og det burde vel gå. Tanksen blei kjørt fram til grishuset, og bom og gravearm blei festa til kanonlavetten. Ombygginga gjekk for så vidt greit, men maskinen eigna seg likevel ikkje noko vidare. Vogna var eigentleg for tung, og med smale belter, sokk ho ned for eit godt ord. Ikkje alt krigsmateriell var like høveleg i sivil samanheng.

Den vaierdrevne Brøyten

I staden for å ergra seg over mistaket, kunne Ingebret og Kristian glede seg over stor interesse for traktorgravaren. Men kva skulle den nye konstruksjonen kallast? Brørne ynskte eit kort og enkelt namn som sa noko om både kompaniskapet og bruksområdet. Etter desse kriteria følte begge at «Brøyt» var midt i blinken. Noko overraskande kom det klager på namnet frå patenthald. Fyrst med eit firetal og ein k hekta på, som gav Brøyt 4 K, tagna protestane. Skilnaden på den fyrste 4 K'en og den seinare 5 K'en var elles berre eit ekstra kulelager.

«Når De får en «Brøyt» gravemaskin betyr det at De får en robust maskin som tåler de utroligste anstrengelser». Slik heitte det bramfritt i reservedelskatalogen og potensielle kjøparar må ha sett det på same måten etter den store interessa å døma. Så risi-

Demonstrasjon



BRØYT grave/grøftemaskin

for maskinholdere, entreprenører, kommuner,
industri og liknende, demonstreres
onsdag 27. d. m. kl. 13,00—17,00
i Schancheholen krysset Ullandhaugvegen—
Tjensvollvegen.

Eids & Hawskens Maskinforretning

SANDNES

TELEFON 61 606

Viktig med god marknadsføring. Her ein framstøyt i Stavanger Aftenblad 26. juni 1956.

koen med å satsa i større skala, tyktest heller liten. Men med ei opptrapping av verksemda, kunne ikkje Ingebret og Kristian lenger halda til i hønshuset og grishuset. For å få det nødvendige armslaget måtte dei ut or Kolheia. Men på slutten av 50-åra var det ikkje akkurat flust av industritomter på Bryne. Hadde det ikkje vore for moster Janne på Rosseland, ville det sett spøkje ut. Men ho var ikkje vanskeleg og stilte dei nødvendige kvadratmetrane til disposisjon. Derned begynte eit nytt kapittel for Brøyt på Rosseland.

Det var ikkje aktuell politikk å få tak i nokon

entreprenør til å bygga for seg. Dei nye gravemaskinsprodusentane jobba sjølv som fabrikkbyggjarar på kveldstid. Noko byggelå i vanleg forstand var det heller ikkje snakk om. Driftskredit på 2000 kroner i den lokale sparbanken, oppsparte midlar og stor eigeninnsats strakk til. Men ikkje uventa blei det ganske snart behov for meir plass. Og moster Janne svikta ikkje; ho stilte velviljug opp gong etter gong og avhenda bit for bit av eigedomen sin. Såleis blei fabrikken berre større og større, og til slutt hadde brørne 700 kvadratmetrar under tak på Rosseland.

I oppstartingsfasen hadde ikkje gründarane så mykje utstyr til disposisjon. Men dette blei kompensert ved lån og leige av maskinar og verkstadskapasitet på Bryne om kveldane. Likevel, å driva seriøst under slike tilhøve ville ikkje gå i lengda. Difor begynte dei etter ei tid å setja arbeid ut til andre. I tillegg blei det kjøpt inn fleire maskinar, og tradisjonen med å laga eigne verktøy, vart også halden ved like. På den måten skaffa brørne seg ein høveleg maskin- og utstyrspark.

Frå 1949 til 1956/57 blei det produsert i overkant av 70 Brøytar av typen 4 K og 5 K på Rosseland. Det tilsvasarar omrent 10 per år, eller snaudt ein maskin kvar månad. Sjølv om det står respekt av denne serien, var det likevel småtteri mot det som skulle koma.

Brikkene fell på plass

Det fyrste gravemaskinskonseptet bestod av traktor og ein vaierdriven bom og gravearm. Trass i at brøytane var kjende og spreidde meir og mindre over heile landet, innsåg brørne at vaierTeknologien hadde sine klare begrensningar. Å ikkje ha den «dobbeltvirkande mulegheten» på skuffa, var utan tvil ein stor bakdel. Tendensar til mindre sal, uroa også brørne. Det var såleis ingen grunn til å kvila på laurbæra.

Utover i 50-åra skjedde det store teknologiske



Ein Brøyt 4 K klar for innsats. Bak spakane sit Kristian. Eit 50-tals biletet dette óg.

* Brøyt a/s.

framsteg, ikkje minst i jordbruket. Såleis blei det vanleg med hydrolikkar på traktorane, noko Ingebret og Kristian noterte med stor interesse. Dette nye kraftoverføringsprinsippet hadde «framtå for seg». Men prisen på dei hydrauliske komponentane skremde. Faktisk kosta ei pumpe like mykje som ein maskin,

dvs. 30.000 kroner. Det var først då prisane begynte å gå svært mykje ned at planane kunne setjast ut i livet.

Til Rosseland kom difor oljepumpe, sylinderar og andre nødvendige komponentar ein gong i 1956. Dermed kunne arbeidet med å forbetra Brøyten

begynna for alvor. Oljepumpa, eller hjarta i systemet, sette Ingebret og Kristian på sjølve traktoren. Ved hjelp av trykksterke slangar blei så denne kobla til sylinderane på bommen og armen. Under føresetnad av at teknologien verka, skulle gravearmen ved «rett» regulering av oljetilførsla, lyfta seg opp og ned, fram og tilbake.

Overgangen frå mekanisk til hydraulisk kraft representerte eit stort sprang, og brørne var sjølv sagt spente på korleis det heile ville gå. Men bekymringane og otten viste seg ugrunna. Maskinen oppført seg i tråd med forventningane, og det mangla ikkje på aktuelle arbeidsoppgåver. På Frøylands-feltet som skulle dyrkast, var det verkeleg behov for ein maskin med tak i. Men stikk i strid med forventningane uteblei den forventa suksessen. Frøylands-feltet var blaut og dessutan fylt av mykje sorpa. Om ikkje før, så synte det seg i alle fall då at traktoren som skulle dra heile greia, vart meir til bry enn til gagn. Når maskinen skulle framover, skjedde framrykkinga ved hjelp av graveskuffa, og slett ikkje ved mobilisering av traktorkreftene.

Det var Ingebret og sonen, Arnulf, som hadde vore til stades på «premiären». Dei kom slukøyra og nedslegne attende til Kolhei. Det blei mykje diskusjon då dei kom heim, for Brøyten måtte bli meir effektiv enn dette. Det var i denne klemma Ingebret sa laust ut i lufta at dei visst fekk kopla frå heile traktoren og setja motor på overramma. I så fall måtte både ramma forlengast og endå eit hjulpar sveisast på. Men det fekk heller våga seg. For idéen var god den. Tilbodet om lastebilmotor frå Sigmund Mossige, ein anleggsentreprenør på Bryne, var i denne situasjonen av stor betydning. Då denne nyskapningen av ein Brøytlapp laust på Frøylands-feltet, fekk folk sjå ein gravemaskin som det aldri hadde vore maken til.



Brøytlokalitetane på Rosseland ein gong i 60-åra.

* Brøytlapp a/s.


Den kunne bevega seg høgt og lågt, att og fram og til sidene. Maskinen si evne til å koma seg fram, oversteig langt det Ingebret og Kristian hadde tenkt seg. No var Brøytlapp-revolusjonen eit faktum.

Brøytlapp X 2, som maskinen vart kalla, blei ein fulltreffar. Og i reklamesamanheng blei det heller ikkje spart på konfekten. «Siste nytt på gravemaskinens område. «Brøytlapp X 2» er fremtidens grave- og lastemaskin. Større effektivitet, mindre vedlikehold. Patent anmeldt. Løfter seg selv til alle sider. Disponibel løftekraft: ca. 7,8 tonn. For å løfte seg... trengst ca. 4,2 tonn. Ledig kraft: ca. 3,2 tonn. Høyde fra marken til oppløftet hjul ca 1,5 meter. Understellet kan i denne stilling svinges til høyre eller venstre og settes pent og behersket ned på marken. Det samme kan og gjøres fra motsatt side. Ved hjelp av skuffen skyves eller trekkes maskinen framover eller bakover, selv om hjulene sitter ned til 30-40 cm i gjørme, eller skal over en stein opptil 30-40 cm høy. Hel hydraulisk drift fra egen motor (på svingen)... Kjøre-hastighet i terrenget opptil 1,2 km pr. time... Betegnes av fagfolk som fantastisk».

Då entreprenøren på Frøylands-feltet fekk sjå den nye og «skikkelege» Brøyten i aksjon, bestilte han

SISTE NYTT på gravemaskinens område

«BRØYT X 2» er fremtidens grave- og lastemaskin.
Større effektivitet, mindre vedlikehold. Patentanmeldt.



eit eksemplar på flekken. Sidan han skaffa dieselmotoren sjølv, slapp brørne i det minste å forskotter for denne dyre komponenten. Dei hadde på det tidspunktet lite driftskapital å rutta med. At kundane ved bestilling betalte ein del av kjøpesummen, vart elles ein del av forretningsfilosofien dei fyrste åra. Dette reduserte behovet for driftskreditt og verka positivt på likviditeten.

Frå handverk på Rosseland til stordrift på Ree
Den hydrauliske firehjulsbrøyten med motoren påmontert vart altså det eigentlege Brøyt-konseptet. Endringane og modifikasjonane som kom for kvar ny modell, var meir kosmetikk og modifikasjonar enn grunnleggande forandringar. Brøyten hadde funne si form, og det gav også marknaden klare signal om. Med sin enkle, men samstundes kraftige og drifts-

sikre konstruksjon, slo maskinen an heilt frå starten av. På det travlegaste var leveringstida to år! Jæren og Noreg vart «brøytifisert», og utover på 60-talet fekk maskinen også eit internasjonalt gjennombrot. Fleire brøytar blei såleis selde til Sverige og andre land i Norden. Men ein god del gjekk også til kontinentet, ja jamvel til austeuropaiske land, som Tjekkoslovakia til dømes.

Ingebret og Kristian traff ei nisje i marknaden, og salet gjekk strykande. Sjølv med fleire påbygg vart plassen og kapasiteten på Rosseland for liten. Difor laut brørne endå ein gong ut på tomtejakt, men no stod inga moster parat! Utan at me her skal koma inn på sonderingane, skilde det lite på at Klepp blei vertskommune for den nye Brøyt-fabrikken. Hadde det ikkje vore for Stortingsmann Bjarne Undheim, ville det aldri ha kome gravemaskinsfabrikk på Ree.

Firmaet opplevde ei rivande utvikling. I 1956, like før Brøyt-revolusjonen, hadde Ingebret og Kristian 12 mann i arbeid og ein snau halvmillion i omsetning. 20 år seinare hadde selskapet 370 tilsette og ein omsetning på 130 millionar kroner. Produktivitetsveksten var omtrent like sterk. I 1957/58 blei det laga ein Brøyt i månaden. Tre fire år seinare var fabrikasjonstida ei veke per maskin, og snart greidde dei også å laga halvannan for veka. Gjer me eit hopp fram til 1971, vart det då produsert to Brøytar av typen X 2B kvar einaste dag.

Dei første åra laga Ingebret og Kristian omtrent alt på Brøytane sjølv, som skufler, bommar og rammekonstruksjonar. «Ja, te og mæ fellane (på hjula) sveiste me i hob». Men om dei hadde eit godt handlag, laut likevel ein del kjøpast. Såleis blei f.eks. Serigstad ein naturleg leverandør av støypegods. Seinare blei systemet med underleverandørar endå meir utbygd, og midt på 70-talet var det ca. 50

«Brøyt-bedrifter» i sving. Mellom dei største var Ole G. Nord-Varhaug et. Co og Bryne Mek. Verksted A/S. Med mange og spreidde leverandørar blei gravemaskinen i grunnen eit prosjekt for heile Jæren og vel så det.

Ingebret og Kristian hadde for så vidt ein enkel forretningsfilosofi. Den gjekk først og fremst ut på å levera eit godt og konkurransedyktig produkt. Men dei la også vinn på å yta god service. Difor blei det utarbeidd nøyaktige teikningar av dei ulike Brøyt-komponentane frå første dag av. Teikningane blei samla i ein eigen reservedelskatalog som kvar kjøpar fekk eit eksemplar av. Gjekk noko sundt, var det berre for kunden å venda seg til «Brødr. Søyland – Mek. Verksted – Bryne, Jæren» å be om nye deler. Elles ytte brørne gratis service når «feilen» ikkje låg hjå kunden. Til å begynna med var Ingebret og Kristian sjølv mykje ute i felten på reparasjonsoppdrag. For ikkje å hefta gravemaskinskjørarane unødig, rykka



Blide Brøyt-produsentar på Rosseland i 1953/54. Frå v. Ingebret Søyland, Randi (Norheim) Fjermestad, Per Sivertsen, Erik Stange Sørensen, Einar Dagsland, Ola Risa, Kurt Olsen og Kristian Søyland.

* Brøyt a/s.

dei ut til alle døgnets tider, jamvel på sundagar om så skulle vera. Nærkontakten med brukarane gav elles nyttige signal om forbeteringar som kunne gjerast.

Det kunne nok vore sagt mykje om produktforbetringane. Her skal det berre vera nemnt at hydraulikk-teknologien som dei tok i bruk, over tid blei monaleg forbetra. Dei første slangane tålte berre eit trykk på 70 kg per kvadratcentimeter. Ventilane var heller ikkje av topp kvalitet, så Ingebret og Kristian fekk «eit jysligt stræv med å få slangar og slikt te å halda». Ved mykje prøving og feiling fann dei fram til løysingar og komponentar som stod for ein støyt. Når ein i dag opererer med trykk på 3–400 kg per kvadratcentimeter, røper det betydelege framsteg.

Sjølv om Brøyt-suksessen smaka, var likevel ikkje den store ekspansjonen heilt enkel å meistra. Dei begynte for seg sjølv i Kolheia og var «allround»-arbeidarar. Då verksemda flytta til Rosseland, var det framleis snakk om ei småbedrift. Med mellom 10 og 12 mann i arbeid, hadde ein eigentleg med eit samansveisa produksjonslag å gjera. Det blei nok lagt opp til ei viss arbeidsdeling, men noko spesialiseringa i våre dagars forstand, var det ikkje tale om. Oppfinnarane gjekk jamsides med arbeidarane sine. Berre Ingebret og Kristian fekk vera med i produksjonen, ta del i det teknologiske pulsslaget, ja då var dei i sitt ess. Det var dette dei liksom var etla til og levde for. Administrasjon og papirarbeid var saldearringsposten og føregjekk på kveldstid.


Ein ny fase blei innleia då verksemda kom i nye lokaler på Ree. Den vesle handverksbedrifta hadde vokse seg stor med mange arbeidarar og funksjonærar. Å ha ein finger med i alt, som brørne tidlegare hadde vore vane med, fall etter kvart vanskelegare. Over tid omskapte veksten bedriftsorganisasjonen til eit meir omstendleg og formalisert produksjonssystem.

Difor kunne ikkje Ingebret og Kristian lenger operera høgt og lågt i organisasjonen, men måtte i større grad definera sin eigen rolle. Som grunnleggjarar var det naturleg at dei ville sitja med styrepinnane, men den stegvise tilbaketrekkinga frå «golvet» var slett inga god oppleving. Det var som å levera husnyklane frå seg. Å ha hellet med seg var såleis ikkje berre eit gode.

Ein eigen produksjonskultur?

Me har fylgt Ingebret og Kristian frå aktive gutedagar på Nærøs til middelaldrande «kontordirektørar» i millionbutikken på Ree. Mellom desse ytterpunktta ligg mykje gjøymt. At det skulle bli slike dimensjonar over den smålåtna starten i Kolheia, var det vel få eller ingen som hadde tenkt seg. Det geniale, eller deira styrke og fortrinn, låg først og fremst i utvikling og forbeting av allereie eksisterande produkt. Dei drog nytte av og bygde vidare på det som andre hadde gjort. Det skjedde som me såg med potetopp-takaren til Jonas Bjorland, traktorgravaren til Jostein Salte og då Brøyt X 2'en, den eigentlege Brøyten, blei utvikla. I ein forstand fullbyrda dei berre prosesserar som alt var i gong. Men på den andre sida er det ikkje alle gitt å forløysa potensialet som ligg i utstyr og maskinar. Det føreset eit vake og «teknisk» blikk som i alle fall Ingebret og Kristian hadde i rikt mål. Brøyt-prosjektet, som dei stod bak og bar fram, vil ganske visst bli ståande som eit av dei største og djervaste industritiltaka på Jæren i nyare tid.

Me har sett at dei kom frå små og høgst allminnelege kår. Truleg var det periodar då familien balanserte på grensa til fattigdom. Av dette lærte borna i alle fall at ressursane var knappe og nøysemد viktig. Men om Ingebret og Kristian ikkje voks opp i noko overflodssamfunn akkurat, var neppe det så hem-



Det er ikkje berre franskmenne som kan laga triumfbuar. Under denne «Brøyt-buen» har ein heil gjeng teke oppstilling først på 70-talet.
Fotograf: Trygve Vasvik. * Brøyt a/s.

mande likevel. Alt som guteposar vart dei sette til mange og ulike gjeremål. Oppfinnarspirene fekk ansvar og utfordringar i eit omfang som ungar i dag berre kan sjå langt etter. Det å arbeida blei ein naturleg og integrert del av livet, og såleis ikkje noko som kun høyrde vaksenverda til.

Medan Ingebret blei ved sin lest, gnog utferds- og

læretrongen i bringa til den yngre broren. Verkstadpraksisen og åra på «Teknikken» sikra truleg Kristian eit studieopphold i England. I løpet av militærtida lærte han kor viktig det var med orden og system i sakene. Men militæret gav han også leiartrening, og ikkje minst, gode kontaktar. Hadde det ikkje vore for dette «nettverket», ville det knapt ha kome kompres-

sor og dreiebenk til Kolheia, så stor som vareskorten då var.

Det kan heller ikkje vera tvil om at «fusjonen» var ein viktig føresetnad. Hadde dei operert på kvar sin kant, ville utviklinga rimelegvis ha teke ei anna retning. Alt tyder på at «praktikaren» og «teoretikaren» utfylte kvarandre på ein konstruktiv og produktiv måte. Kristian fekk ting på papiret, målsett og nøyaktig oppteikna. Ingebret var til gjengjeld «lenger framme i praktiske løysingar». Men fag- eller kompetansegrensene må likevel ikkje trekkast for strengt opp. Om så skulle vera, kunne også Ingbert laga teikningar, men det blei helst med skisser på golvet.

Dei begynte forsiktig, og veksten skjedde i kontrollerte former. Banklån ottast dei meir enn noko anna. Difor gjekk omtrent «alt i driftå», til bygg og nye maskinar. Det private forbruket var skore omtrent til beinet. Ingebret vende jamvel stovemøblene sine i eit knipetak. At dette føresette lojale og samarbeidsviljuge koner, er utan vidare klart. Dei måtte «læra seg te å klara seg med lite», for å låna Kristian si formulering.

Ei knallhard økonomistyring var såleis ein måte å dekka kapitalbehovet på. Stor arbeidsinnsats var ein annan. Brørne grov seint og tidleg, og unte seg lenge ikkje fri i vanleg forstand. Kristian fortel at Ingebret var «ein maur te å arbeida og levde ikkje for aent... han sov mest ikkje, han bare arbeidde». Sjølv kan han heller ikkje plasserast i lathans-kategorien. Fyrst mot slutten av 50-åra blei det aktuelt med litt ferie.

Vidare var det neppe tilfeldig at dei slo seg opp på Bryne. Her fanst allereie eit etablert industrimiljø å spela på. Utan dette hadde «dæ ikkje gjee», slår Kristian kategorisk fast. Såleis verkar leige av verkstadskapasitet underleg og helst framand på oss. Elles «konne me gå kor me ville å spørja og snakka»,

anten det var hjå Hetla'en, Underhau'en, Serigsta'en eller på Bryne Mek. Å skapa noko, få hjula til å sviva, vedkom «alle» i større og mindre grad. Nykommarar og potensielle konkurrentar, som Ingebret og Kristian, møtte ikkje kalde skuldrar, men hjelsame medprodusentar på Bryne. Inntrykket er at dei ulike verksmådene nærast inngjekk i eit stort og inkluderande produksjonssystem. «Adle va enige og positive» og lyfta i flokk.

I tillegg til det industrielle, kunne også andre nettverk mobiliserast. Slik sett var slekta, og spesielt mostrene til stor hjelp, som då Kristian trong nokre ekstraskillingar, eller då lokalitetane i Kolheia vart for små. Tilhøva på Bryne var med andre ord prega av uformelle sosiale relasjonar. Det fanst ikkje skarpe skilje, folk opererte ikkje i båsar, men kryssa grensene til kvarandre anten det galdt yrkesbrør eller mostrar.

Skal ein oppsummera, må teknisk kunne, høg arbeidsmoral, lågt forbruk, reinvestering og utprega «hjelperelasjonar» vera viktige forklaringar på Brøyt-fenomenet. Men dette er faktorar som i fyrste rekke har med normer, verdiar og mentalitet, altså med kulturelle tilhøve i breiare forstand å gjera. Det ser ut til at individuelle og kollektive dygder gjekk opp i ein høgare og vekstfremjande einskap på Bryne i denne tida. Trongen til sjølvstende, som det å begynna for seg sjølv, kunne sameinast med eit nært og godt samarbeid med andre.

«Den driftige jærbu» har med rette blitt eit omgrep.⁴ Men på bakgrunn av det me nett har samanfatta, er det likevel eit spørsmål om ikkje dette er for snevert. For den del kan det gi like god meiningsuttrykk som motpolar og konkurrerande forklaringar, bør dei heller tenkast saman. Bøndene og industrireisarane opererte ikkje som lausrivne




Tenksame oppfinnarar med livsverket i bakgrunn, ein gong i 70-åra. Kristian (t. v.) og Ingebret Søyland.
Fotograf: Trygve Vasvik * Brøyt a/s.

atom, men som del av eit større sosialt, kulturelt og økonomisk fellesskap. Denne særeigne produksjonskulturen, som kan vera ein samnemnar for alt dette, fekk også Ingebret og Kristian nyta godt av. Utan den – ingen Brøyt! Kanskje kan det seiast så sterkt? ⁵

Så kan ein spørja, med bakgrunn i det som her er drøfta, om det nettopp er dette som saknast no for tida.⁶ Finst det i Noreg i dag ein produksjonskultur som den Ingebret og Kristian levde og verka i?⁷ Dette er eit vanskeleg spørsmål å svara på. Men det er

vel neppe tilfeldig at Japan har kome så sterkt i fokus dei siste åra. Men å kopiera dette Prøysser-riket i aust bør vel ikkje vera noko mål. Men kanskje skulle ein sett nærare på dei kulturelle rammene som omgir oss. Kva verdiar og haldningar ligg eigentleg i botnen av kulturen vår? Må ein kanskje begynna her for å få bukt med arbeidsløysa?

Til slutt må det presiserast at dei momenta som her er trekte fram, ikkje er tilstrekkelege forklaringar på Brøyten eller «Industriunderet på Jæren» meir gene-



Mannen med slegga og steinbukk – han blei erstatta av mannen med Brøyt.

* Brøyt a/s.

relt. Eg har fokusert på individuelle og kulturelle tilhøve og i liten grad sett sett på andre faktorar. Frå ein nasjonaløkonomisk synstad er det utan vidare klart at åra frå 1945 til ca. 1970 var ei eineståande oppgangstid. Bruttonasjonalproduktet steig år for år med fleire prosent.⁸ Det var eit enormt marknadssug, og for dei som hadde ressursar å setja inn, som Ingebret og Kristian, var sjanske også store for å lukkast.

Elles fann det stad ei rivande utvikling i jordbruket. Etter krigen kom den såkalla «traktoriseringa» for fullt. Teknologisk sett var Brøyten ein del av denne bylgia. Det er såleis symptomatisk at fyrsteutgåva nettopp var ein traktorgravar. Skjelar ein samstundes til lokalitetane, hønsehuset og grishuset, kan det med endå større rett seiast at Brøyten blei «fødd» i og sprang ut av bondesamfunnet. Men tildriva som låg i stor etterspurnad og teknologisk utvikling, var likevel avhengig av lokale initiativ for å bli realisert. Nettopp her var det Ingebret og Kristian og «den produktive jordkuluren» kom inn.

Notar

1. «Brøyt-biografien» bygger på grundige intervju med Kristian Søyland. Det ideelle hadde vore om også Ingebret hadde komme til ordet, men siden han ikkje lenger er i live, har det vore uråd. Ubalansen er såleis ikkje tilskikt.

I rekonstruksjonen har eg også hatt nytte av eit føredrag som Kristian heldt i Bryne Rotary Klubb i oktober 1980, eit historisk tilbakeblikk som han noko spørkefullt karakteriserer som eit «egoforedrag». Til dette kjem også ei fyldig brosjyre.

Elles har eg gått gjennom «Brøyt-posten», bedriftsbladet som kom med sitt første nummer i mars 1970. På Time Bibliotek har eg også fått tilgjenge til Ola Barkved sitt privatarkiv. I det fann eg ein del relevant avisstoff.

Det var Jærmuseet som tok initiativet til denne artikkelen. Eg takkar for gild førespurnad og konstruktivt samarbeid både med Målfrid Snørteland og Målfrid Grimstvedt.

2. Dette og uttrykket ovanfrå er henta frå: Nerheim, Konrad (1940), Den Norske Industri, Band III, Rogaland Fylke, A.S. Lunde & Co.'s Forlag, Bergen, s.99.

3. Om Nils Underhaug, Trallefabrikken og Trallfa-roboten, sjå Jøssang, Lars Gaute (1989), Trallfalinjer i: Ått og Heim 1989, Lokalhistorisk årbok for Rogaland, Stavanger.

4. Tveite, Stein (1982), Den driftige jærbuen – myte eller realitet? i: Årboka for Stavanger Museum 1982.

5. Korleis «Industriunderet på Jæren» skal forklara, er det litt sprikande meininger om. Så langt er det ikkje gjennomført nokon grundig og systematisk analyse av drivkrefter og samanhengar. Men det finst ein del tillau, både frå jærindustrien sjølv og frå historikarhald. Det fylgjande skulle vera dei viktigaste bidraga:

Erland, Sigve (1990), Drivkraftene som var i verksemd då Jær-industrien blei bygd opp, Norrønakonferansen 1990.

Underhaug, Nils (1984), Frå bygdesmie til verdsindustri, Teknologihistorisk forum, seminar i Stavanger 1984.

Nerheim, Gunnar (1989), Industri i et jordbruksmiljø, i:

Nordvik, Nerheim, Brandal, Pengar spart, pengar tjent. Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1989, SR-Bank.

Nordvik, Helge W. (1987), Fra plog til plattform – Rogaland næringsliv 1880–1980, i: Hovland og Næss, Fra Vistehola til Ekofisk, Bind II, Universitetsforlaget, Stavanger, Oslo, Bergen, Tromsø.

Tveite, Stein (1982), Den driftige jærbuen – myte eller realitet?, Årboka for Stavanger Museum 1982.

Ved tid og høve ville det vere interessant og undersøkt kor langt Max Weber sine teoriar ber på tilfellet Jæren. Hans kopling mellom «pietisme» og «kapitalisme» synest å ha mykje for seg.

Weber, Max (1973), Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.

Ei anna tilnærming kunne vere å samanlikna Jæren og Sunnmøre. Etter litteraturen å døma ser det til å vera ein del sams trekk. Sjå:

Kjøde, L. og Måseidvåg, S. (1975), Industriunderet på Sunnmøre. Eit verkeleg under? Det Norske Samlaget, Oslo.

Lange, Even (1982), Småbedrifter og moderne teknologi, i: Sejersted, F. (red.), Vekst gjennom krise. Studier i norsk teknologihistorie, Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.

Vik, L. J. (1980), Bedrift og lokalsamfunn på Sunnmøre, i: Larsen, S. U. og Ørstad, L. (red.), Fra Sunnmøres moderne historie, Bergen, Studiegruppa for Sunnmøre.

6. Sjå t.d. Osmundsen, Terje (1987), Norge mot år 2000. På jakt etter fremtidvisjonen, Nytt Norsk Tidsskrift 2/1987.

7. Skal ein døma etter Geir Sveen sin reportasje i Stavanger Aftenblad, «Se til Vigrestad – bygda det gnistrer av», 16.03. 1991, er det i alle fall betydelege rester att av denne kulturen.

8. Hanisch, T. J. og Lange, Even (1986), Veien til velstand. Industriens utvikling i Norge gjennom 50 år, Universitetsforlaget AS, Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø.

Lars Gaute Jøssang

Historikar, engasjert i prosjekt om norsk oljehistorie.

Adresse: Sollivn. 5, 4350 Nærø